

Årsmelding for Samhald II 4H 2017

I år har klubben vår hatt eit utfordrande, men lærerikt år der me har kost oss mykje og bl.a. arrangert storkurs og market 40-års jubileet til klubben under medlemsmøta.

Året starta med juleverkstad i desember der både nye og gamle medlemmar tok turen. På juleverkstaden kunne ein laga julenissar av grantregreinar, julekort, krans og fuglemat m.m. Godt humør og mykje latter gjorde kvelden fin.

Januar vart starta med filmkveld og prosjektval der det nye styret vart presentert. Mot slutten av januar reiste klubben vår til vestkanten for å bade, bowle og stå på skøyter, denne dagen vart stor suksess. Swingkurs vart arrangert også i år der Øyvind Sæbø var instruktør. Me avslutta januar med eit knallbra diskotek, der swingferdighetane vart testa.

I byrjinga av februar reiste styret og to representantar på superhelg for å bli betre kjent med vervet sitt. I februar hadde me eit medlemsmøte med 70-talstema for å markere 40-års jubileet til klubben. Mange flotte kostymer, song av karaoke og stolleiken. Me hadde òg eit diskotek med 80-talstema der mange kledde seg ut i flotte kostymer, veldig bra kveld. Me avslutta februar med skidag i Myrkdalen der vêret var på topp. Både born og vaksne hadde det kjekt denne dagen.

Mars starta med quizkveld der det var mykje mas og fjas, men veldig god stemning. Vinnarane av quizen fekk sjokolademedalje.

Slutten av mars nærma seg og storkurs stod for tur. Det var 168+ medlemmar påmeldt. Kursa som vart arrangert var blant anna vikinggard, boblefotball, ein dag på brannstasjonen og bading. Det vart arrangert diskotek både fredag og laurdag og me greidde til og med å få politiet til å kome ein tur. Vellykka helg.

April starta med stirydding over Bergfjordfjellet der mange av dei yngste

medlemmene engasjerte seg veldig. Stiryddinga vart avslutta med grilling av hotdog. Det neste på programmet var tur over Bergfjordfjellet, dette var ein kjekk dag for heile familien. Vidare var det medlemsmøte med 90-talstema. Her høyrde me på musikk frå 90-talet, karaoke og hadde kjekke leikar. Mange tøffe kostymar. April vart avslutta med paintball på Lygra, dette var ein kjekk dag med sol, hotdog og blåmerker.

I mai starta me med sykkeldag, i år gjekk turen frå Myksvoll til Festevatnet. Mykje folk og godt humør, me var òg svært heldig med vêret. Under Open Himmel vart arrangert, då me sov ved Feste skule og det vart servert grillmat. Stemninga var på topp heile kvelden på tross av at natta vart kjøleg. Vidare var det medlemsmøte ved lavoen, der me fekk skyta på blink med pil og boge. Det vart òg servert lapskaus denne dagen.

I juni reiste nokon av dei yngste i klubben vår på distriktsleir på Voss. Der hadde dei det kjekt og greidde til og med å ta seieren i volleyballkamp. Litt seinare denne månaden reiste nokon av dei eldste medlemmane våre på fylkesleir. Fylkesleiren vart arrangert i Kinsarvik. Her var me med på aktivitetar som sminke og frisør, smiding og hest. Gjengen var sliten då me reiste heim søndag. Så var det sumaravslutning i Breiavika som stod for tur, her var både kanopadling og bading svært populært. God grillmat vart servert, blant anna hotdog og hamburgar.

I slutten av juli vart det arrangert nordisk leir på Kalnes vidaregåande skule i Sarpsborg. Dette var ei veka der det kom folk frå Sverige, Danmark, Finland og Noreg. Her fekk me oppleve Romsåsgruvene, Gamlebyen i Fredrikstad og *Allsang på grensen*. Me vart òg kjent med både nordmenn og finskar så veka var ein suksess.

I august var det kassabilløp utan kassabilar. Men mange var klar for sykkelløp, som vart veldig kjekt. Her fekk me knallgod grillmat og alle medlemmane hadde det kjekt.

September vart starta med eit medlemsmøte der det vart avklart kven som ville delta på underhaldinga til haustfesten. Deretter stod mange øvingsmøter for tur.

I oktober vart haustefesten arrangert, her var det mykje kjekk underhaldning og fantastisk god mat. Me var så heldige som fekk ordføraren på besøk og fekk til og med ein liten presang frå ordføraren i Lindås kommune.

I november månad hadde me eit siste diskotek. Dette var vellykka.

Miriam Sundøy Solheim

Sekretær